

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

Referat frå soknerådsmøte nr 04/2025

Dato/tid: tysdag 27. mai 2025, kl. 18

Stad: Jondal kyrkjelydskontor

Tilstades: Trygve B Myrlid, Maria E Sørheim, Ida Sofie Holmen, Sveinung Toreid og
Eli G Torsnes

Forfall: Ingebjørg P Grøtt

Vara: Rannveig Hammer møtte.

Frå staben : Arne Opsahl-Engen og Anne Karin Stormyr

Saksliste

20/2025	Godkjenning av saksliste og innkalling Saklista og innkallinga vart godkjent
21/2025	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 03/2025 Referatet frå soknerådsmøte nr.03/2025 vart godkjent
22/2025	Gjennomgang / oppdatering av årshjulet Årshjulet for Jondal sokn vart gått gjennom og gjort fleire endringar på. Det oppdaterte årshjulet vert delt ut på neste møte av leiar Trygve
23/2025	Kyrkjemusikalsk arbeid i Jondal sokn Kantor Anne Karin Stormyr orienterte om det kyrkjemusikalske arbeidet som vert gjort i Jondal sokn og om konsertprogrammet for sommaren. Anne Karin og Ida Sofie er arbeidsgruppa for sommarkonsertane. Dei kan ved behov få hjelp av andre i soknerådet til arrangementa.
24/2025	Lydsystem i kyrkja Lydsystemet i kyrkja treng oppgradering. Fellesrådet har sett dette på lista over det som skal gjerast i/ med Jondal kyrkje. Både soknerådsleiaren og kantor har vore i kontakt med Arild B Nielsen om kva som må gjerast. Dei arbeider vidare med dette. Det skal også sendast søknad til Sparebankstiftinga om økonomisk støtte til oppgradering av lydanlegget.
25/2025	Økonomi v/Sveinung Sveinung viste til vedtaket om at offer til Jondal sokn skal kallast "kyrkjelydsarbeid". I offerlista har det vore nytta dei ulike sidene av

	kyrkjelydsarbeidet, men alle pengane vert sett på same kontoen. Soknerådet gjorde vedtak at kr. 20 000,- vert øyremerka kyrkjemusikalskarbeid kvart år. Kantor disponerer denne summen. Om det vert trong for meir pengar til dette arbeidet, vert det ei sak for soknerådet .
26/2025	Orienteringssaker Arne delte ut oversikt over gudstenester hausten 2025. Han orienterte også om invitasjonsbrevet som skal sendast til dei som vert konfirmantar 2026. I det brevet vil det verta nemnt om Fasteaksjonen og dugnadsarbeidet på kyrkjegarden føre konfirmasjonsdagen. Samarbeidet mellom kyrkja og skulen har vore noko mangelfullt etter pandemien. Frå skulen si side er det ynskjeleg at kyrkja inviterer til besøk jmf. planen om samarbeid. Arne tek ansvar for å laga til invitasjon til dei aktuelle klassane.
27/2025	Eventuelt Det vart spurt om arbeidet med å få sett opp rekkverk ned til den nedre gravplassen. Kyrkjevevja er informert. Fellesrådet har i tillegg til å prioritera lydanlegget i kyrkja også sett måling av kyrkja og utbetring av tårnet på lista over det som skal gjerast snarleg.

Møtet vart heva kl.20

Eli Galtung Torsnes

Referent

28.05.2025